

## **Sak til årsmøte i Fagforbundet Sogndal, avd. 547**

### **Forlag til endring i påskjønning Plassstillitsvalde**

På det første årsmøtet etter kommunesamanslåinga i 2019, blei det bestemt at nye Songdal kommune skulle påskjønne tillitsvalte med ein flat sum på 1 000 kr og varatillitsvalte med 500 kr.

Fagforbundet Songdal har som mål å skaffe fleire tillitsvalte i åra som kjem og bygga ein kultur med flest mogleg varatillitsvalte som trår inn når den tillitsvalte gir seg. Styret ynsker difor å fremje ei endring i korleis me verdsett våre tillitsvalte på. Framfor å gi ein flat sum til dei tillitsvalte ynsker me i større grad å byggje opp *Tillitsvalt- og Fagforbundsveka* som Fagforbundet arrangerer kvart år. Ein eigen komité i styret får i oppgåve å planlegge og gjennomføre ei god markering slik at den einskilde tillitsvalte blir verdsett på ein skikkeleg, kreativ og god måte.

Me har foreslått 30 000 kr til dette formålet i handlingsplanen og i budsjettet for 2022. Me trur at ved å organisere og drive *Tillitsvalt- og Fagforbundsveka* på ein kreativ og god måte, vil ein kunne verdsetje dei tillitsvalte på ein beire måte, samstundes som det skapar aktivitet, synlegheit og nærvær ute på den einskilde arbeidsplass.

Styret i Fagforbundet Sogndal foreslår difor at påskjønninga i avd. 547 framover skjer gjennom ein godt organisert *Tillitsvalt- og Fagforbundsveka* kvart år og at me går bort frå å gi ein flat sum på 1000 kr og 500 kr til dei tillitsvalte.

Denne saka blei behandla i styremøte 01. Februar, Sak 08/22

Mvh

Styret i Fagforbundet Sogndal